

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr.2

Februar 1975

11. årgang

Det finst ingen som Gud

Det finst ingen som Gud. Det var Moses sitt vitnemål om Gud, etter eit langt og om-skiftande liv, med omkr. 40 år i Egypten som dotterson til Farao, 40 år som gjetar hjå pres-tent Jetro, og til sist ein 40 år lang ørkenn-vandring som leiar for Guds utvalde folk. Han såg nå tilbake til eit underleg liv, og med mange både vonde og gode erfaringar bak seg, og var komen like til vegs ende. Då syng han Gud ein lovsong : *Det finst ingen som Gud.*

At dette er sant, det ser me også på Guds skaparverk. Alt saman er skapt ved Guds ord, og utan han har ikkje ein einaste ting vorte til av alt det som har vorte til. (Johs. 1). Gud tala og det skjedde, han baud og så stod det der. Kven andre kan det seiast om? Tenk berre på alt liv som han skapte i sjøen og på landjorda, i lufta og i molda, hans for-ming av planter og blad, det veld av fargar i alle blomane han har skapt o.s.v. Det ville føra for vidt å prøva nemna alt her. Det finst berre ein som kunne skapa alt dette og halda det oppe — Gud.

Han kallar seg med rette Far for alt som heiter barn, og alt som lever og er til, både i himmelen og på jorda. Han vil at heile hans skaparverk skal seia : *Fader vår.*

Han har i sanning openberra seg herleg og stor, og urekkjande er alle hans vegar. Han gir ikkje nokon si æra eller utskorne bilete sin

pris. Alt var godt og fullkome frå Guds hand og i Guds auga.

Men så kom djevelen og synda inn i Guds skaparverk og øydela og snudde om på alt. Med synda kom døden og vantrua, sjukdom og liding, torn og tistel og forbanning over alt som skapt er, frå det minste kryp til Guds kjæraste skapning — menneske. Frå liv og fred og harmoni, vende synda alt til sjukdom og død og ufred og disharmoni og ugreide på alle område. Det gode og fullkomne blei til vondt og ufullkome og forgjengeleg. Gud måtte sjå på sin kjære skapning som nå må leva i mørke og dødsskuggedalen, der ikkje noko er reint eller fullkome, der alle lever i angst for seg sjølv og for sine medskapningar, og flyr frå Gud og prøver skjula seg for han.

Denne einaste og sanne Gud seier om men-neske : Dei likar mørkret betre enn Ijoset, for gjerningane deira er vonde. Dei driv på med det som vondt er, hatar Ijoset og kjem ikkje til Ijoset, for dei vil ikkje at gjerningane deira skal koma fram i dagen slike dei er. (Johs. 3, 19—20). Slik ser Gud på den fal-ne slekta.

Midt i dette vonde og mørke grip så vår Gud og Fader inn i sin store kjærleik og nå-de. Her er det heller ingen som Gud, for så elskar Gud verda at han gav son sin den ein-borne. Det er dette me syng om i «Det var ham svart å tenke på at verden skulle under-gå, det skar ham i hans hjerte. I sådan hjer-

tens kjærlighet han kom til oss på jorden ned å lindre all vår smerte.»

Det var ingen som ba han om det, og der var ingen som tok imot han. Nei, han kom til sitt eige og hans eigne tok ikkje imot han, står det skrive. Likevel gav han seg sjølv, gav seg for oss alle.

Men Skrifta fortset: Men alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å kallast Guds barn, dei som trur på namnet hans. (Johs. 1, 12).

Er dette svaret, og kan me lita på dette, spør du. Det vil du få svar på om du vender deg til Skrifta, til det den vitnar om Moses og Israelsfolket. Dei som trudde Gud, tok imot og åt mannaen frå himmelen, dei fekk liv og helsa ved dette brødet i 40 år. Og dei var omlag 600.000 mann til fots, umframt kvinner og barn då dei drog ut frå gypten. Kven andre enn Gud vår Far kunne makta å få ein slik mengde menneske i ein ørken gjennom 40 år? Han er også den same Gud og Far i vår tid, for det åndelege Israel — Guds utløyste og frelse folk. Det har Skrifta mange lovnader og vitnemål om.

Det er godt for kvar gong me får sjå og erfara at Guds ord og lovnader er å lita på, også for oss og vår vandring gjennom verda sin ørken til landet som ventar oss. Det styrkjer vår prøvde tru, som er mykje kostelegare enn det forgjengelege gull, som då vert prøvt i eld, og som skal verta funne til lov og pris og æra når Jesus Kristus vert openberra. (1. Pet. 1, 7.)

Dette hadde Moses sett og erfare saman med Guds folk på vandringen gjennom øydemarka. Gud hadde bore, metta og opphehelde dette folket i 40 år, og skor og klær blei ikkje utslitne, gjennom vantru, knurr og klage og avguder og misstru til Gud og Moses så mang ein gong, og mange fall frå Gud for sitt harde og vantru hjarta si skuld. Men til tross for alt dette, så svikta Gud aldri Moses eller sitt folk. Han sto ved sine lovnader og sitt ord, og han forlet dei ikkje. Han bar og berga

og oppheoldt sitt folk.

Gud er den same også i dag mot sine vitner og leiarar og sitt utvalde folk, sjølv om ferda og verda er aldri så vond og fárleg, slan gane mange og grensene stengde. Guds lovnad står fast: *Eg skal så visst ikkje sleppa deg og ikkje forlata deg.* Eg er Herren din Gud som held deg i høgre handa og seier til deg: Ver ikkje redd — eg hjelper deg. Ver uredd, Jakob, arme krek, du vesle flokk av Israel! Eg hjelper deg, seier Herren, og din løysar er Israels Heilage. (Esa. 41, 13-14.)

Kva vil så du gjera? Skal din livsvandring vera saman med Guds folk og under Guds ord og lovnader? Det står så godt om Moses: Han ville ikkje kallast dotterson til Faraos. Han valde heller å lida vondt saman med Guds folk, framfor ei kortvarig njoting av synda. Han heldt Kristi vanæra for større rikdom enn Egyptens skattar, for han såg fram til løna. (Hebr. 11).

Ja den løna blir stor, for det finst ingen som Gud, vitnar Moses. Det finst ingen som løner slik som Gud, for den løn som synda gir er døden, men Guds nådegåva er evig liv i Kristus Jesus, og ei evig salighet heime hjå Gud i nye himlar og på ei ny jord der rettferd bur.

Skal dette bli ditt? Eller er det verda sitt liv og verda sine skattar som skal reisa med deg? Då blir det ei kortvarig njoting av syna, og så til slutt synda si løn som er døden — ein evig død og ei evig fortaping borte frå Gud. Kor rike dei var i Faraos sitt hus gjekk det galt, for ingen kunne berga og ingen trøysta då dødsengelen gjekk gjennom landet.

Kor lukkeleg Moses var som valde rett. Han fekk også vera med å berga og føra fram mange av Guds utvalde folk, sjølv om mange blei liggande att på veien. Det er ingen som Gud!

«Min Jesus lat mitt hjerte få, en sådan smak på deg, at natt og dag du være må min sjel umistelig».

Odd Dyrøy

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Bladet blir halde oppe med friviljuge gaver
Red. Amund Lid, tlf. 75, Norheimsund og post 5600 Norheimsund

Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, 5400 Stord. Postgiro: 42887, Stord Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, oppseiing, adresseforandring og gaver til bladet:

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054)10 482
Kass. : Sverre Bøhn. Postgiro 68213
Bankgiro : Vikøy Sparebank
3530.07.09492
5601 Norheimsund

Sjelesorg

Her på talarstolen fann eg ein liten lapp som gjorde meg glad. Det er to ting ved den som gjorde meg glad. For det første om den som spør er ein som treng hjelp i si sjelesak. Og for det andre om det er omsorga for dei som treng hjelp som ligg bak denne lappen med spørsmålet.

På lappen står det skrive : «*Kan det bli gitt anledning for dem som treng om det til å få tale med forkynnerene? Vi trenger sjelesorg.*»

Ja det er sant at vi treng sjelesorg. Det er vel ingen av oss som er samla her som ikkje treng om det. Og mens eg sat her og såg på denne lappen, så blei det slik for meg at eg ville seia litt om sjelesorg.

Eg sat her på benken mens de song og tenkte på Jesus. Han dreiv sjelesorg heile sitt liv mens han vandra omkring her på jorda. Og det gjorde han på to vis. Når Jesus talte til folket og lærde dei om Guds frelse og Gud

rike, då dreiv han sjelesorg. Det var hans viktigaste sjelesorg, og då nådde han dei mange. Men andre tider var det den eine, den eine han møtte på veien, eller den eine som kom til han om nattaă den.eine som oppsøkte han i si naud.

Slik er det også for oss. Dertil så har han gitt oss sitt ord, som er ein god sjelelæge eller sjelesyrgjar. Eg har gitt dei ditt ord, sa Jesus i si øvstprestelege bøn i Johs. 17. Guds ord er den beste sjelesyrgjar du kan gå til. Dei vitner Jesus sende ut, og framleis sender ut, for å forkynna Guds ord, dei driv sjelesorg.

Den forkynnare som ser på sjelen, han forkynner til som fiendar og motstandarar som ingen ting er å gjera med, han er udugleg til å koma sjelene til hjelp. Me som forkynner Guds ord må få eiga Jesu sinn og Jesu auga, og sjá sjelene me forkynner til som forkomne og ille medfarne, lidande og bundne, og få eiga sjele-omsorg og alltid ha det for auga å koma dei til hjelp. Då er forkynninga vår viktigaste sjelesorg. Det må me alltid ha klart for oss.

Her vil eg også nemna at me har teke til å gi ut eit lite blad, med namnet Lov og Evangelium. Det var med den tanke og det ynskje og bøn til Gud, at det kunne få vera ein sjelesyrgjar som kunne koma sjelene til hjelp — og kanskje nå i fleire enn dei me når med forkynninga vår. Og her vil eg be deg som eig litt av omsorga for sjelene, skriv i bladet med det for auga og bøn i hjarta at det du skriv må bli sjelene til hjelp og føra dei til Jesus.

Oppgave: Du som går der med spørsmål og vanskår som du ikkje finn at av, deg hadde eg hug å be at du sende meg eit brev om det du strir med. Så kunne me ta fram i bladet det Guds ord lærer, med bøn om at Gud vil gi både deg og andre lys og løysing på det du strir med og lid under. Det ville gjera det lettare for oss som skriv og forkynner å finna fram til det som er aktuellt for sjelene , ikkje berre i bladet, men også på sommarskulane

våre som her og andre møter. Og du kan skriva trygt, for namnet ditt vil aldri bli kjent, berre saka vil bli tatt fram.

Men eg vil understrika at me er ikkje interessaert i spørsmål som spør av nysgjerrighet, som her var nemnt i stad, eller for å setja den som skal svara fast, og som ikkje treng om hjelp. Det som interesserar er spørsmål frå sjeler som treng om hjelp, som treng om hjelp til å bli freist, eller har ein eller fleire spørsmål eller vanskar i sitt kristenliv og tehesta for Gud. Og der det først behov der vil Gud gi svar, som han har lova i sitt ord.

For det tredje så treng me av og til personleg sjælesorg. Då vil eg få seia til deg som spør, og til andre som treng det, at forkynnarane har alle det ynskje å få kontakt med deg som treng hjelp, og har det ynskje å få hjelpa og visa veien til Jesus, den einaste som kan frelsa, løysa og setja fri syndaren. Så du kan frimodigt tala til dei i pausane eller når det høver. Me har lengere pausar millom møta nå enn tidlegare, og ei av årsakene var at der skulle bli meir tid til samtale. Det er mykje viktig at me talar ut med kvarandre og

bed for kvarandre. Me kan ikkje frelsa nokon, men me kan visa til han som kan frelsa — Jesus, og til det Ordet som er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, og me kan trøysta andre med den trøyst me sjølve er trøysta med av Gud.

Legg merke til dei som var i lekamleg og åndeleg naud på Jesu tid, og seinare, når du les Bibelen. Dei oppsøkte Jesus, og seinare apostlane og dei som forkynnte Ordet, og mange av dei blei hjelpt. Gjer du like eins.

Det som er skrive ovanfor er henta frå ein sommarskule i Namsos for mange år sidan. Me tek det oppatt her, med tanke på at det kan nå nokon som treng om det. Og me har også tenkt av og til på å ta opp ei spalta i bladet, for å prøva gi svar på slike ting som sjelene lid under og stirr med, når det gjeld vår frelse og vårt liv med Gud.

Skriv og spør, og me vil om Gud gir nåde til det prøva å svara. Og skulle du gå med personlege spørsmål, som ikkje kan takast fram i bladet, så skal du få personleg svar i brev.

Amund Lid.

Å fornekte seg selv, ta sitt kors opp og følge Jesus etter

Av Øyvind Andersen

«Da sa Jesus til sine disciple : Vil noen komme etter meg, da må han fornekte seg selv og ta sitt kors opp og følge meg. For den som vil berge sitt liv, han skal miste det. Men den som mister sitt liv for min skyld, skal finne det. For hva gagner det et menneske om han vinner den hele verden, men tar skade på sin sjel? eller hva vil et menneske gi til vederlag for sin sjel?» (Matt. 16, 24-26).

Det er til sine disipler Jesus taler her i denne sammenheng, men vi vet fr. Luk. 9. kap. at det Jesus sier her, det sier han også

til alle. Det er et av de ord som har adresse til disiplene og til alle mennesker. Det er et viktig og grunnleggende ord, og spørsmålet er hva det betyr å fornekte seg selv og ta sitt kors opp og følge Jesus etter.

For å forstå det, må vi se på sammenhengen som det står i , Jesus sier dette som svar til Peter og disiplene på Peters protest mot at Jesus skal lide og dø. Peter protesterer nemlig mot det at Jesus, som er Guds Sønn, skal lide og dø. Jesus svarer til det at om noen vil følge meg, da må han fornekte seg selv og

ta sitt kors opp og følge meg. For å forstå det skal vi ta utgangspunkt i de to spørsmålene Jesus stiller i tilknytning til dette ordet.

Først spør han : Hva gagner det er menneske om han vinner den hele verden men tar skade på sin sjel? Dernest spør han : hva vil et menneske gi til vederlag for sin sjel?

Hva gagner det et menneske om han vinner den hele verden, men tar skade på sin sjel? Det betyr egentlig etter grunnteksten : Mister seg selv. Vi kan ikke hevde oss selv, uten at det går ut over oss selv. Hver gang vi hevder oss selv, må vi betale for det med oss selv. Det er det ord Jesus egentlig bruker, etter det språk han talte. Å miste seg selv, miste sin person, det er nettopp det vi har gjort på grunn av vår synd. Alle mennesker som har tatt skade på sin sjel. Du som hører på meg, du har tatt skade på din sjel, og jeg som taler, jeg har også tatt skade på min sjel. Det er ikke annerledes med oss, når vi ser oss selv i Guds lys.

Og så kommer det andre spørsmålet : Hva vil et menneske gi til vederlag for sin sjel? Egentlig står det her etter grunnteksten : Hva vil et menneske gi som veier opp for hans person? som han har mistet. Hva skal jeg gi som veier opp for meg selv? Svaret blir : Jeg har ingen ting å gi, du har ingen ting å gi. Sannheten er om oss at vi har syndet på en slik måte at vi er redningsløst fortapt, om det står til oss.

Men nå skal du høre : Det var derfor Guds Sønn kom og ble menneske, og Jesus han er vederlaget for min og din sjel. Det er klart at dette ordet står nettopp i denne sammenheng. Jesus gjør klart at han må lide og dø, for å veie opp for oss, og for å komme oss til hjel der hvor vi har mistet oss selv.

Vi har ikke noe å gi til vederlag for oss selv, men Jesus er kommet, han har sonet vår synd, han har gjort opp for oss hele regnskapet vi var skyldig, han er blitt vårt liv, — Jesus, og i stedet for det liv vi mistet har vi fått et helt nytt liv i Guds Sønn. Det er Guds

mening at dette livet i Guds Sønn skal bli mitt og ditt liv.

Og nå skjønner du, for at Jesus skal bli mitt liv, da må jeg fornekte meg selv. Hva vil det si, spør du. Det vil si at jeg kan ikke vedkjenne meg selv, jeg må fornekte meg, jeg må anse meg som avdød fra meg selv, Det onde er ikke dødt i meg. Hovmod og egenrettferdighet og trangen til å være stor og urenhet og egoisme og alle slag ondt er i meg, men dette har Jesus kjøpt meg fri fra. Derfor skal jeg akte meg som død i forhold til meg selv. Det er å fornekte seg selv.

Den som ikke rekner med seg selv, den som rekner med Jesus i steden for seg selv, han fornekter seg selv, han tar sitt kors opp og følger Jesus. Mitt kors er det samme som Jesu kors, og Jesu kors er mitt kors, for Guds ord sier at en er død for alle, derfor er de alle døde, og apostelen vidner : Vårt gamle menneske ble korsfestet med Ham, og videre sier han : Jeg er korsfestet med Kristus. Da Jesus døde, døde jeg i ham, bort fra mitt selv-liv, bort fra det jeg har forspilt og ødelagt i meg selv, og så har jeg i Jesus fått et helt nytt liv.

Når jeg mister mit tliv for Jesu skyld, da finner jeg mitt liv, jeg finner det i Guls Sønn. Han er blitt mitt liv, han er vederlag, han veier opp for meg. Og da får jeg det slik som det står i Kolles. 3 : I er jo død, og eders liv er skjult med Kristus i Gud. Når Kristus, vårt liv, åpenbarer, da skal og vi åpenbare med ham i herlighet. Jesus Kristus er altså vårt liv. Det som vi er i oss selv, det gjelder ikke mer. Det gamle menneske kommer aldri inn i himmelen. Det nyter ikke å prøve å reparere på det gamle menneske, og aller minst nyter det å be Gud om å helliggjøre det gamle menneske. Det finnes bare en vei, det er å fornekte det, akte seg selv som død i forhold til det. Og vet du hva som hender da? Det gamle menneske mister sin makt og innflytelse over oss. Det er en ting det gamle menneske ikke tåler, og det er å ikke bli

reknet med. Det kan det ikke overvinne, for da misser det sin makt og sin innflytelse over oss.

Jesus er mitt liv, jeg har mistet mitt liv, for å finne det i Ham. Og det underlige er, at når jeg finner mitt liv i Jesus, da blir jeg meg selv i ordets egentlige og fulle mening. Det høres så underlig, men den som har prøvt det, han forstår det. Når jeg mister mitt liv for Jesu skyld og finner mitt liv i Ham, da kommer min person til sin rett, slik som Jesus har skapt meg etter min individualitet. Jeg blir meg selv i ordets sanne og virkelige betydning, uten selvhevdelse, og uten at det er synden og det gamle menneske som dominerer meg. Dette er å fornekte seg selv. Og nå tenker jeg du skjønner hva det er ordet taler om.

Nå vil jeg be deg som hører på, å være klar over at Jesus har kjøpt deg fri fra deg selv.

Mange som hører på i dag er ikke kristne, du kjenner ikke Jesus, og du forstår kanskje lite av det jeg sier, men en ting vil jeg gjerne ha sagt deg i Jesu navn: Alt hva du har gjort og du har forsømt, alt hva du har tenkt og ment og følt og opplevt har Jesus kjøpt deg fri fra. Du gjelder ikke for Gud, du kan ikke bestå for Gud med dine gjerninger, og skal du møte Gud ut fra dine forutsetninger er du evig fortapt. Men du har fått et nyt liv i Jesus, og dette liv blir ditt så sant du tar imot det. Og du tar imot det ved å akte deg selv som ingenting, ved å ta avstand fra deg selv, ved nettopp å fornekte deg selv. Da mister du ditt liv for Jesu skyld, men da finner du ditt liv i ham, da berger du ditt liv. Amen.

Fra den Lutherske timen, avskrive etter lydband med løyve av Andersen og Norea Radio.

Daglig renselse

Av Ole Rolfsnes

Det å holde seg selv og sitt hus rent, det blitt en nasjonal og megt god ting i Norge. Det har ikke alltid vært slik. Og skal vi holde oss selv og vårt hus rent, da må det bli en daglig vane, elles vil det snart samle seg støv og skitt. Enkelte har jo et slikt arbeide at de hver dag må ta et bad, for arbeidet fører så mye støv, skitt og lukt med seg at uten et bad ville de bli et utrivelig medlem av familien. Mange tar jo ofte et bad for sunnhetens skyld, selv om de ikke har et slikt arbeide.

Dette hører det materielle området til, men tenk om vi var like flinke på det åndelige området, til å holde borte alt som vil tilsluke vår sjel og skitne fantasi og tanke. Når det gjelder dette er renholdet desverre ikke så godt. Mange troende synes jeg burde se dette, og fjerne de skadelige ting som kan forgifte både sjel og legeme, og ikke minst der det finnes

barn. Det går an å vere like punktlige på dette området som på det materielle. Men her kommer kjøt og ånd i kamp, for ånden er veldig men kjøtet er skrøpelig. Det er kommet inn en toleranseånd som holder på å forurense og ødelegge vårt åndsliv, og om den enkelte ikke blir våken her blir han snart lik verden. Men jeg tar feil når jeg synest vi er kommet langt ut på skräplanet her?

For den ærlige blir da spørsmålet hva jeg skal bruke som rensemiddel mot forurensinga. I Efeserbrevet 5, 25 står omtalt et rensemiddel: *Vannbadet i Ordet*. Og i Johs. 15 sier Jesus: *I er rene på grunn av det ord jeg har talt til eder.* Disse orda viser at Ordet renser som et vannbad, derfor er Ordet det beste rensemiddel vi har fått av Gud. Bruker du dette rensemiddel? Gjør du ikke det, da kan du ikke vente at du kan forherlige Jesu navn.

Men i et sant troesliv er der to sider som må renses, vårt indre og ytre liv. Ordet er gitt som rensemiddel for både vårt indre og vårt ytre liv, og bruker vi det ikke, da vil de mennesker vi lever sammen med snart merke det, på samme måte vi merker det med et menneske som ikke vasker seg. Vi blir utrivelige å være sammen med, for både ånd og sinn og liv blir urent og Guds velbehagelige ange er borte. Får ikke evangeliet om Jesus og hans blod rense våre samvittigheter og vårt indre liv, da renses heller ikke vårt ytre liv og vandring. Men om dette rensemiddel blir brukt hver dag, som vi daglig vasker ansikt og hender, da ville det nok merkes der vi lever og ferdes.

Noen tenker at om det ytre er i orden, er det ikke så farlig med det indre, som de tror kan skjules. Andre har svære kamper for å holde styr og få skikk på sitt indre menneske, uten at de har funnet det middel som kan hjelpe. Men Guds ord og erfaringen viser at holdes ikke det skjulte rent, blir heller ikke det ytre rent. Det der inne vil komme frem og merkes av våre medmennesker.

Derfor er det en glede for meg å kunne vise til Guds rensemiddel, som er Guds ord om *Jesus og hans blod som renser fra all synd.....*

Dette middel gir Gud oss også på en serskilt måte i nattverden, der vi tar imot Jesu legeme og blod. Dette rensemiddel skal etes,

og renser vårt indre menneske. Du kan selv avgjøre hvor ofte du vil bruke dette rensemiddel.

Det står om de første kristne mennesker at de hver dag brøt brødet hjemme, og de hadde yndest både hos Gud og mennesker. De brukte både ordet og nattverden hver dag. Med andre ord sagt, så holdt de seg rene både i sitt indre og ytre menneske, og det virket slik at folket kom til troen på Jesus og ble lagt til menigheten. Tenk om vi kunne lære denne lekse, da ville nok mye av det arbeide som idag gjøres for å vinne mennesker bli overflødig.

Dette har jeg tenkt på og arbeidet med i mange år, og serskilt nå etter at jeg ble gammel. Jeg har 18 km til kirken, og vi dertil er gamle og skrøpelige og mange andre ting har lagt seg i veien, så dette rensemiddel ble lite brukt av oss. Jeg visste jo at jeg kunne ta det i bruk selv i mitt eget hus, men det fikk jeg ikke frimodighet til. Men så fikk jeg hjelp fra en kant jeg minst hadde ventet. Det kom en prest hjem til oss, og vi fikk nattverden hjemme. Da fortalte jeg ham om mine tanker. Da sa han Du kan få brød og vin av meg, så kan du bruke det så ofte du vil.

Og det kan jeg vitne, det har vært til stor velsignelse for oss. Og til slutt hadde jeg hug til å be både prester og forkynnere om å prøve komme folket til hjelp, så det middel Jesus har gitt oss i nattverden blir mere brukt.

Når blir eit menneske frelst?

Av Amund Lid

Mange fleire menneske leitar etter svar på det spørsmålet enn me er klar over, både mellom dei som lever i kristne forsamlinger og dei som er utanfor. Ein storbonde kom ein dag tilfeldig til å oververa eit av møta mine. Han hadde aldri vore med på eit møte før, fortalte han. Då møtet var slutt silde

han meg et spørsmål *Korleis kan du vita at du er frelst?* Han hadde spurt mange før, utan å få svar, sa han. Ein gong sto eg i ein bedehusgang og venta på predikanten som var inne og tala med ei søkerende sjel, under ei vekking på staden. Då stilla ei kvinne fylgjande spørsmål til meg: *Når blir dei frelst,*

når dei er inne og talar med predikanten eller når dei får tru seg frelst ved Guds ord?

Og ein annan gong høyrdie eg ein predikant som tala om den bortkomne sonen i Luk. 15. Midt i talen stillte han oss eit spørsmål: *Når blei den bortkomne sonen frelst?* Då ingen svara på spørsmålet gjorde han det sjølv. *Han blei frelst då han vakna opp i det framande landet og ville bli frelst*, kva så andre seier, svara han. Dette vier at spørsmålet er aktuelt i alle lag, både utanfor og innanfor Guds rike.

Skal me prøva finna svar på disse aktuelle spørsmåla, så kan me prøva ta fram den bortkomne sonen i Luk. 15, saman med andre ord i Skrift asom talar om å bli frelst.

Først kan me slå fast at alle menneske treng frelse, for Skrifta lærer at me har alle synda og vantar ære for Gud og må bli rettferdigjort utført av hans nåde ved utløysinga i Jesus Kristus. Her er det ingen skilnad på oss. Men dei fleste menneske veit det ikkje, for dei trur ikkje Guds ord. I vårt land er dei fleste døypt i den treeinige Guds namn, til vitnemål om at dei skal tru på den krossfeste og oppstandne Jesus når dei veks opp, og det blei lova at dei skulle forsaka djevelen og alle hans gjerningar. Men dei fleste gjorde som denne sonen i Luk. 15, dei tok arven med seg til eit anna land og øydde den i eit vantru og verdsleg liv i verda — nokre saman med skjøker og andre i humanisme eller naturleg religiøsitet eller i begjær og tenesta for mammon. Dei er i same stoda som den bortkomne sonen, han var død og bortkommen, død i synd og overtredelse.

Vekking

Det første som må til før eit menneske kan bli frelst, er at dei blir vakt, eller kjem til seg sjølv, som det står om den bortkomne sonen. Det vil seia at dei blir beivist, kjem til erkjenning av si synd og skam og sin fortapte tilstand i forholdet til Gud. Saman med den vaknar heimlengten, eller hugen og lengten etter å bli frelst og fri si synd. Den vakte

lid vondt, og synda og verda gir han ikkje no-ko lenger. Det er den Heilage Ande som vekkjer syndaren, ved at han overbeviser om synd av di dei ikkje trur på Jesus. Utan denne Guds gjerning, vil alle bli verande i si synd og sin fortapte tilstand.

Men er det rett i fylgje Guds ord å seia at ein vakt er frelst? Var den bortkomne sonen frelst då han kom til seg sjølv, såg at han hadde synda mot himlen og mot far, og ynskte han kunne få vera som ein leigekar heime hjå far?

På same måte kan me spørja om Nikodemus var frelst, då han kom til Jesus om natta. Jesus svarar på det: Utan at du blir fødd på nytt kan du ikkje sjå Guds rike eller koma inn i det. (Johs. 3, 1 fg.) Berre den som er født av Gud, er komen til trua, har fått den Heilage Ande, er eit frelst Guds barn, lærer Skrifta.

Den bortkomne sonen var vakt, komen til erkjenning av si synd, lengta etter å koma heim og bestemte seg for å bli frelst, men enno var han i det framande landet borte frå far Vekkinga er ein forutsetning for at eit menneske kan bli frelst, og det er eit godt standpunkt å ta at ein vil gå til Gud og erkjenna si synd og bli frelst, men kjem ikkje eit menneske lenger er dei ennå i verda og utanom Guds frelse. Mange er dei som har kome til denne erkjenninga, men som aldri nådde heim til Gud, for dei blei stansa på veien.

Så eg trur ikkje ein kan slå fast ut frå Guds ord at ei vakt og søkjande sjel er frelst, slik mange lærer og forkynner i vår tid, men den Heilage Ande har virka den forutsetningen som må til for at den vakte kan bli frelst. Og om han får fortsetja sin gjerning vil han føra syndaren fram til frelse.

Omvending

Får ikkje vekkinga føra til omvending blir ikkje syndaren frelst, for det står skrive at utan omvending skal ingen sjå Herren. Eg vil stå opp og gå heim til far min, sa den

bortkomne sonen, og han gjekk. Han forlet det framande landet og syndelivet, og han oppsøkte far som han hadde synda imot. Omvendelse er å snu om. Før gjekk hans veg bort frå Gud, som denne far er eit bilete på, lenger og lenger bort i synda og verda, men nå vende han verda og synda ryggen og var på veg heim til far for å erkjenna si synd og at han ikkje lenger var verd å kallast barnet hans. Mange er dei som har vendt om, men aldri nått fram. Fører ikkje vekkinga og omvendinga til at du møter han som frelser syndarar, og får miskunn og nåde, har den ikkje blitt til frelse for syndaren. Omvending fører deg inn på rett veg, vegen til frelse, vegen til eit nytt liv i trua på Jesus.

Her er læren og forkynninga mykje uklar i vår tid, og det fører til at mange ikkje nå fram til liv i Gud. Dei har ei vekking og ytre omvending å sjå tilbake på, er kome inn iden kristne forsamlinga, men utan å bli fødd på ny og uten Kristi ånd og sinn. Dei trur dei har nått fram, men har enda i naturleg religiositet, og då er dei endå i det framande landet.

Frelse.

Når blei den bortkomne sonen frelst? Når han møtte far, som venta han og såg han mens han endå var langt borte, og møtte fars kjærleik til syndaren. Tenk for ei oppleving for syndaren, når far slo armane omkring han og kyste han, i den elendige forfatning han var, og tok imot han slik som han var. Slik er Guds kjærleik i Kristus mot alle syndarar som oppsøkjer han, også mot deg om du kjem.

Då sa han frå til tenarane Kom snøgt med den beste kledningen og ha på han. Den låg ferdig, og ligg ferdig for alle som kjem, og den er eit bilete på Jesu Kristi rettferd, på Guds fullførde frelse i Kristus. Berre den som Gud har iført denne drakta er frelst. For den som er i Kristus er der inga fordøming, men forløysng så full og fri. Slik lyder hans ord.

På same tid fekk han ring på fingeren. Ringen på fingeren bær ektemakane, til eit teikn på at dei er eitt og høyrer saman inntil døden skil dei åt. Slik også med denne ringen, som er eit bilete på den Heilage Ande som Gud har lova dei som trur. Han er pantet og innsgjet på at du og Jesus høyrer saman og er eitt, ikkje berre til døden, men til evig tid. Les Efes. 1, 13-14 og 2. Kor. 1, 19-22.

Gud gav han også nye skor på føtene. Kva for skor var det. Jau, det var Jesus sine skor, og han blei rekna og behandla som om han var Jesus, Guds son og barn. Dei fortel at han var sett inn at i det barnekåret han tapte.

Dei fortel også at frå nå blei det eit heilt nytt liv i samfunn med far, og ein ny vandring og ny livsførsel.

Far sjølv sa at denne son min var tapt, men er attfunnen. Han var død, men har vorte levande. Kva tid blei han funnen, og kva tdi blei han levande? Då han vakna i syndelandet? Eller mens han var på heimveg? Nei, det var då han *møtte far og hans kjærleik, mens han enda var langt borte*, med denne erkjenninga i hjarta: Far, eg har synda mot himlen og mot deg, eg er ikkje verd å kallast son din. Frå den stunda overtok far, han hadde gjort kledningen ferdig, han kledde den på han ved sine tenarar, og han sette ringen på fingeren og sette han opp i Jesus sine sko. Påkledningen skjer i himmelen, men blir openberra for syndaren ved Guds ord og trua som evangeliet virkar. Så tok dei til å vera glade. Det er gleda i himmelen yver kvar syndar som vender om, og finn vegen til Jesus. Og er du ein av dei, då har du all grunn til å gleda deg saman med dei.

Men det var ein som ikkje gledde seg, og ikkje ville gå inn. Det var han som meinte han aldri hadde gjort imot fars ord, han som syntest at far var urettferdig, som slakta gjøkalven for han som hadde øydt fars arv mellom skjøker, men meg har du ikkje gitt så mykje som eitt kje, så *eg kunne gle meg saman med mine vener*. Kan du tenkja deg at ein

med eit slikt sinn, som hadde andre vener enn Jesu vener, kunne trivast i himmelen.

Mange er dei som forkynner at denne heimeverande sonen er eit Guds barn, og set han opp som eit lysande eksempel og fyrebilete for dei unge i sundagsskulen og forkynninga elles. Jesus sette han opp som eit bilet på farisearane og dei skriftlærde. Sjå i Luk. 15, 1-2.. Dei set ikkje Skrifta opp som fyrebilete for Guds barn, tvert imot. Jesus seier til sine at dei framom alt anna må ta seg i vare for læra åt farisearane og dei skriftlærde.

Jesus fortalte mellom andre denne liknин-

ga for farisearane og dei skriftlærde, for å visa skilnaden på dei to flokkane, dei frelse syndarane som samla seg om Jesus og som heldt seg nær inn til han og åt i lag med han, og farisearane og dei skriftlærde som murra seg imillom over Jesus som heldt lag med slike folk. Han heldt opp eit speil, der dei kunne sjå seg sjølv, slik Gud ser på dei. Kven av dei hører du til?

«Hvor salig er den lille flokk som Jesus kjennes ved. I ham sin frelser har de nok, nu og i evighet.»

Kristus, ikke loven, er blitt oss til rettferdighet og helliggjørelse

Av Rosenius

Utenom dem som søker å bli rettferdige ved loven, er det de som forsøker å bli hellige ved den. Hvor ofte hører vi ikke at en ellers opplyst kristen rent ulykkelig sier: Jeg vet nok at ingen kan bli rettferdig for Gud ved loven, men at alene Kristus er vår rettferdighet, at vi blir rettferdigjort uforskyldt av nåde ved den forløsning som er skjedd i Kristus.

Men det står jo uttrykkelig i Ordet at Kristus ikke bare er blitt oss til rettferdighet, men også til helliggjørelse, og uten den skal ingen se Herren. Men jeg arme menneske kan jo ikke riktig alvorlig ta loven til hjertet til helliggjørelse, for jeg er så kald og treg.« Kunne bare lovens hammer knuse mitt harde hjerte, så jeg riktig dypt kunne føle syndens bitterhet, så skulle jeg også kunne vokte meg for synden !

Dette er jo bare en annen form for den innbilning at en eier en evne, bare loven kan få drive den fram. Men legg merke til hvilken forvirring det er i en slik sjel: Har. kjenner til ordet om at Kristus er blitt oss til rettferdighet og helliggjørelse, men likevel sukkes han over at mangelen på helliggjørelse kom-

mer av at han ikke har opplevd lovens fordommelse og trusel hardt nok. Man behøver ikke å tro på Kristus, men bare leve mer for loven — så blir man hellig.

Kjære venn ! Legg deg nå Ordet på hjertet. Det står ikke at loven, men at *Kristus* er blitt oss til rettfredighet og helliggjørelse - Kristus er ikke det samme som loven. Når Kristus blir oss til helliggjørelse, skjer det på den måten at vi ved troen på ham og hans rettferdighet frigjøres fra loven, frigjøres fra lovens dom og kval i samvittigheten. Vi får fred med Gud på grunn a v syndenes forlattelse, og i denne troens fred og salighet blir vi *barn* overfor Gud med lyst til å være ham til behag.

Nå gjør jeg det gode, ikke fordi jeg er nødt til det, drevet av lovens krav, dom og trusel, eller fordi synden dømmer meg. Men jeg gjør det av fri lyst og kjærlighet til Gud og hans vilje.

Dette virker Kristus ved troen i våre hjerter, men dette virker aldri loven. Den er heller ikke gitt til det, men har en helt annen hensikt.

Vi ser av og til en slags troens helter, som

burde bli angrepet i samvittigheten, vakt opp og knust. De er sterke, modige og lettsindige misbrukere av evangeliet, som aldri bekymrer seg over sine feil og synder. De påberoper seg evangeliets frihet, men forsvarer kjødets frihet, frihet til å leve etter verden og sin egen lyst. De har en sterk tro, men det er en tro som aldri virker noe. De overerer Ordet og viser på den måten at de trenger å vekkes opp. Loven har ennå ikke gjort sin gjerning i dem og fordømt og ydmyket dem.

Det er sant at også de kristne har nytte av loven, men ikke slik som du tror, at den i den grad skal gjøre deg forskrakket over synden, så du vokter deg for den og blir mer helliggjort. Nei, det kan aldri bli lovens gjerning. Loven gjør tvert imot synden større.

En kristen bruker loven best når han i sin samvittighet er aller mest fri fra loven, når han er viss og glad i troen og akter Kristi rettferdighet tilstrekkelig for Gud. For da er hans hjerte mest varmt, takknemlig og villig til å gjøre Guds vilje. Da tenker han med rent sinn på å kunne være Gud til behag, og da er loven en kjær veileder. Den hverken driver, truer eller tvinger ham eller gir ham kraft. Men den er til samme nytte for ham som en tegning av et hus er for byggmesteren.

Dernest bruker en kristen loven rett når han anvender den på sitt liv, ikke på samvittigheten, ikke på spørsmålet om hvordan han står for Gud. Han sier da til loven, som Luther pleier å uttrykke seg: Når det gjelder mitt liv, eller hvordan jeg skal være og gjøre, da vil jeg gjerne høre og adlyde dine bud. Men vil du trenge deg inn i samvittigheten, eller i spørsmålet hvordan jeg står for Gud, da vil jeg ingenting vite av deg! For det er jo avgjort før at overfor loven blir jeg fordømt og til skamme, men for å kunne bestå for Gud behøver jeg og har jeg en annen rettferdighet.

Men jeg må jo alltid være og gjøre noe. I dette vil jeg gjerne rådspørre og følge deg. Dertil har jeg et hardt og ondt hjerte, er treg når jeg skal gjøre det gode, mitt kjød strider

alltid mot ånden. Dette må du hjelpe meg mot ved å være et bissel og en pisk mot kjødet!

Når en kristen bruker loven på denne måten, holdes han alltid våken og sysselsatt. - Han blir alltid fattig og hungrig etter nåden. Og da trenger han alltid til Frelseren, ja, han trenger evangeliet, bønnen, nattverden.

Men det er noe ganske annet når man sier: Kunne jeg bare riktig få lagt loven på samvittigheten, riktig få føle syndens bitterhet, så skulle jeg nok vite å vokte meg for den!

Dette er å ta grundig feil. For var du selvtilfreds, fri og sikker, da kunne den kanskje tjent deg til ydmykelse. Og var du frigjort og glad ved troen, kunne den blitt rettesnor og stadig ydmyket deg. Men loven kan aldri utrydde synden og befjordre helliggjørelsen, nemlig kjærlighet, lyst og kraft til det gode og gjøre Guds vilje fritt og villig.

Ingen lov kan gjøre levende

Det er ikke troen på Kristus som gjør deg ugudelig, men det er mangel på tro. Det er ditt hemmelige lovsinn som virker vrede. For selv om du er kommet til troen, vil troen likevel til stadighet trenge inn i din samvittighet. Der larmer og klager den over dine feil og din urenhet, gjør deg nedslått og trist, fordriver troen og freden i Kristus, og straks har den igjen sin gamle kraft til å opphisse og vekke synden.

Eller erfarte du ikke selv da du kom til troen, at du ble et nytt menneske, villig og skikket til å gjøre din Fars vilje, forbannet de synder du hadde vært mest glad i og svakest overfor, og lett og av hjertet gjorde det som før var vanskelig, ja umulig? Troen har alltid den samme kraft.

Men hva utrettet loven da den brente i ditt hjerte? Ble du ikke da mer svak og sydig enn du noensinne hadde vært? Var det ikke da at synden tok anledning av budet og vakte all slags begjær i deg? Men loven har alltid samme kraft og virkning — så snart den kom-

mer inn i samvittigheten og fordriver troen og barnetilliten og freden i Kristus.

Hva hjelper oss å grue
i lovens skjærilds-lue
til syndens makt å kue?
Foruten tro all bedring her
et skall foruten kjerne er. —
Vårt hjerte vel er ringe,
dog står det ei å tvinge
til Guds bud å fullbringe,
om hele verdens vekt og makt
enn bliver på det lagt
Om Moses med sin hammer
vil dempe syndens flammer,
dog — førenn han vel sluttet har.
blir hjertet som det var.

I 2. Mosebok 19 fortelles om da Gud ga Israel sin lov; det var lyn og torden, en tykk sky innhyllet berget, og det hørtes en sterk basunlyd. Med slike veldige tegn gav Gud dem sin lov: Du skal ikke ha andre guder enn meg. Og hele folket hørte tordenen og basunene. Da skalv alt folket som var i leiren.

Det manglet ikke på at folket var forskricket ved loven. Men hva leser vi ikke så i kapitel 32? Moses kom ned fra berget, og da hadde allerede folket laget seg en gullkalv og utropt den til sin gud. Så lite maktet loven og den forskrekkelse de hadde kjent, å hellige hjertet. Og det skal si oss at *det aldri er gitt en lov som kan gjøre levende*.

Hos et menneske som lever under loven, veksler det med å synde og å sørge over synden: En synder, forskrekkes over synden, synder igjen og forskrekkes over synden, — synder igjen og forskrekkes igjen, gråter og er engstelig, men synder straks igjen. Så meget makter lovens hammer å tvinge hjertet til helligjørelse.

Men Paulus går enda lenger. Han sier at vi også i samvittigheten må være fri fra loven.

I Rom. 7, 4 sier han: «Derfor, mine brødre, døde også I fra loven ved Kristi legeme, forat I skulle høre en annen til, han som er oppstanden fra de døde, så vi kan bære frukt for Gud.» Og i 6, 14: «For synden skal ikke herske over eder, I er jo ikke under loven, men under nåden.» Og i Ga. 2, 19: «For jeg er ved loven død fra loven for å leve for Gud.»

Merk deg dette! Apostelen sier at vi er døde (skilte) fra loven for å bære frukt føt Gud. Synden skal ikke herske over oss, for vi er ikke under loven, men under nåden. Vi kan altså ikke bære frukt for Gud og leve for Gud, før vi er døde fra loven.

Hvem skulle sagt det! Jeg måtte vel heller sagt: Kunne jeg bare ta loven riktig alvorlig, skulle jeg leve for Gud. I Rom. 7 sier Paulus at jeg først må være fri fra loven som en kvinne er fri fra sin mann når han er død, før jeg kan leve for Gud. Og årsaken er: Så lenge loven regjerer i samvittigheten, blir bare synden mer og mer kraftig og virksom. Og selv om jeg av og til gjør noen gjerninger etter lovens bokstav, gjør jeg dem ikke «for Gud», dvs. fordi jeg elsker hans vilje, men jeg gjør dem av frykt for lovens trusel og løfter. Derfor kan de med rette ikke kalles «mine gjerninger», men «lovens gjerninger», fordi en kan takke loven for at jeg gjør dem.

Men dette er ikke helligjørelse. For til helligjørelse hører først og fremst hjertets hellighet, det frie sinn og lysten til det gode. Men dette skapes bare ved troen, når jeg opplever den store glede å være fri fra dommen over mine synder og i Kristus bli rettferdigjort og salig, kort sagt: fri fra loven.

Det har også Jesus sagt oss: «Bli i meg, så blir jeg i eder. Liksom grenen ikke kan bære frukt av seg selv, men bare når den blir i vintreet, således heller ikke I uten at I blir i meg. Jeg er vintreet, I er grenene; den som blir i meg og jeg i ham, han bærer mange frukt; for uten meg kan I intet gjøre.» (Joh. 15, 4—5). Det er dette Paulus uttrykker slik: Kristus er blitt oss både til rettferdighet og helligjørelse.

Etter Rosenius: Veileding til fred.